

Innkalling til møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: måndag 25. oktober 2021 kl. 13.00-15.00

Stad: Rom 435 på HF-bygget

Til: Heming Helland Gujord (undervisningskoordinator), Peter Svare Valeur (allmenn litteraturvitenskap) Scott Rettberg (digital kultur), Koenraad De Smedt (språkvitenskap), Agnete Nesse (nordisk språk), Frode Helmich Pedersen (nordisk litteratur), Ulla Kallenbach (teatervitenskap), Matti Wiik (klassisk), Ilka Wunderlich (norsk kursa), Ragnhild Lie Anderson (lektorutdanninga), Per Olav Folgerø (kunsthistorie), Signe Nilssen (sekretær), Arnt Robert Leganger (studentrepresentant), Sarita Helen Øygard (studentrepresentant)

Saksliste

UUI-sak 12/21: Godkjenning av innkalling og saksliste	1
UUI-sak 13/21: Orienteringssaker	1
Orienteringssak 1: Referat frå førre møte (vedlagt)	1
Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar	1
Orienteringssak 3: Studiekvalitet	2
Orienteringssak 4: Bestillingar til programstyra frå instituttleiinga	2
UUI-sak: 14/21 Drøftingssaker	2
Drøftingssak 1: Ulike problemstillingar knytte til masterstudiet	2
Drøftingssak 2: Prinsipp for fordeling av undervisningsassistentar	2
UUI-sak 15/21: Ymist	2

UUI-sak 12/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg til vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste.

UUI-sak 13/21: Orienteringssaker

Orienteringssak 1: Referat frå førre møte (vedlagt)

Referatet er godkjent på sirkulasjon i etterkant av førre møte.

Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar

Alle UUI-medlemene får to minutt kvar til å orientere om stoda i fag- og studentmiljøet.

Orienteringssak 3: Studiekvalitet

Vi har blitt bedne av fakultetet å oppdatere Studiekvalitetsbasen med manglande emneevalueringar og eigenvurderingar (emne og program). Vidare må vi sørge for at vi har ekstern fagfelle for alle studieprogramma våre, og dessutan at vi har ein vedtatt syklus for når emna våre skal evaluerast.

Vi er no komne til den tida av semesteret at emneevalueringane må bli sende ut til studentane, og informasjonen vi får inn der, skal takast med i emnerapporten. Eigenvurderingar av emne (haust 2021) og program (heile 2021) skal òg skrivast no.

Studiebarometeret har sendt ut spørreskjema om opplevd studiekvalitet på programma. Desse skjemaa blir sende til studentar i andre og femte studieår av utdanninga. Det er viktig at vi oppmodar om å svare på desse.

Signe orienterer.

Orienteringssak 4: Bestillingar til programstyra frå instituttleiinga

Undervisningskoordinator har sendt ut bestillingar til alle programstyra, og har sett 15. desember som frist for korte tilbakemeldingar. Heming orienterer.

UUI-sak: 14/21 Drøftingssaker

Drøftingssak 1: Ulike problemstillingar knytte til masterstudiet

1. Rettleiing av masteroppgåver og jamleg oppfølging
2. Kva gjer vi når ein kandidat stryk?

Signe og Heming innleier.

Drøftingssak 2: Prinsipp for fordeling av undervisningsassistentar

Timar til undervisningsassistentar har blitt fordelte på dei ulike fagmiljøa for heile 2021. Det har kome litt ulike tilbakemeldingar frå fagmiljøa kring dette, og vi ønskjer å drøfte i UUI kva som bør vere prinsipp for fordeling av undervisningsassistentar. Heming innleier.

UUI-sak 15/21: Ymist